



STYRER UNNA: Administrerende direktør i NHO, Kristin Skogen Lund, og resten av ledelsen har ikke åpnet for en ansattrepresentant i NHOs styre. Det får de ansatte til å reagere kraftig.

FOTO: CHRISTOPHER OLSSØN

Ber NHO gå foran med et godt eksempel:

NHO-ansatte ut mot styret

KRITIKK: NHO vil ikke åpne for ansattrepresentant i eget styre. Det får de ansatte til å reagere kraftig.

ARBEIDSLIV

Av Stian Fyen

– Man skulle tro at NHO som en av landets mest sentrale arbeidsgiverorganisasjoner ville være opptatt av å gå foran som et godt eksempel og vise hvordan ansatte og deres kompetanse inkluderes blant annet i styret. Det er dessverre ikke tilfellet, sier nestleder i YS-forbundet Negotia, Monica Paulsen til Avisenes Nyhetsbyrå (ANB).

Forbundet organiserer flere ansatte i NHO. De reagerer kraftig på at de ansatte i organisasjonen ikke er representert i styret. Negotia mener NHO «svikter på noe av det mest grunnleggende i den norske modellen» når de ikke selv åpner for ansattrepresentanter i styret.

– Når vi tydelig utfordrer NHO på dette feltet, er det fordi NHO representerer tunge arbeidsgiveraktører i privat sektor. Organisasjonen må gå tydelig foran med et godt eksempel, sier Paulsen.

Færre representanter

Bakteppet for utspillet er en fersk rapport fra forskningsstiftelsen Fafo der det kom-

FAKTA

NHO:

■ Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) er Norges største interesseorganisasjon for bedrifter.

■ Administrerende direktør er Kristin Skogen Lund.

■ Klassekampen skrev onsdag om at andelen bedrifter med ansattrepresentanter i styret har sunket kraftig.

■ NHO er en av organisasjonene som nå får kritikk for å ikke åpne for en ansattrepresentant i styret.



Klassekampen 3. januar.

mer fram at andelen bedrifter med ansattrepresentanter i styret, har gått kraftig ned de siste årene. Andelen har sunket fra 27 prosent i 2006 til 18 prosent i 2016. Nedgangen har i størst grad skjedd de siste tre årene av denne perioden, viser rapporten.

Ikke lovpålagt

Klubbleder i NHO Negotia, Katarina Sætersdal, er også kritisk til egen arbeidsgiver.

– Vi tror bedriftsdemokrati med representasjon i styret gjør bedriftene bedre, og vi har over 40 år med god erfaring her i landet. Her kan ikke NHO være et unntak. NHO er en sterk tilhenger av treparts-samarbeid og bedriftsdemokrati, da er egen praksis viktig, sier hun til ANB.

NHO er ikke et aksjeselskap og er dermed heller ikke lovpålagt å ha ansattrepresentant i styret. Men det er uvesentlig, mener klubben.

– Det er en parallell til at det heller ikke er lovpålagt at det skal være en balanse mellom menn og kvinner i NHOs styre og ledelse. Likevel forsøker NHO å praktisere en balanse mellom kjønnene. Vi tror de ansattes bidrag vil være svært nyttig da styret i dag behandler interne forhold i organisasjonen utelukkende basert på toppledelsens meninger om hva de ansatte måtte mene og kunne bidra med, sier Sætersdal.

Styreleder og president i NHO, Arvid Moss, forsvarer at NHO som en medlemsorganisasjon for 25.000 bedrifter ikke har en ansattrepresentant i styret.

– De aller fleste sakene styret behandler, handler om strategiske valg om norsk arbeidsgiverpolitikk, næringspolitikk og politikk generelt. Interne problemstillinger behandler vi internt i organisasjonen og administrasjonen, og det brukes ikke mye av styrets tid på dettet. Det er hovedgrunnen til at de ansatte ikke er representert i selve styret, sier Moss til ANB.

Han sier det også er et rent praktisk spørsmål.

– For meg er det også et praktisk spørsmål. I styremøtene vil det være liten tid til temaene de ønsker å diskutere. Vi ønsker å være en god arbeidsgiver, og prøver å finne gode prosesser og fora utenfor styret. Organisasjonene blir også invitert til styremøtene når det diskuteres saker som angår dem, sier Moss.

©ANB

Solveig Aareskjold

SOLVEIGS SALT



Plutseleg blei det innforstått at kvinna skal teia i forsamlinga.

Bordskikk

Kan du ikkje berre setja fatet midt på bordet og la oss forsyna oss sjølve? spurde eg ein restaurantarbeidar som bukserte eit tungt lass med steik og grønnsaker frå gjest til gjest.

Ho gav meg eit kaldt blikk og svarte: Nei, for det er alltid nokre menn som tek så mykje at det ikkje når rundt.

Sidan har eg hatt den største akting for dei som har det til yrke å passa på at alle får sitt. Eg er òg meir vaken for dei som flyttar halve steika over på sin tallerken bak ein kamuflasje av jovial latter. Den pinlege stemninga som oppstår, vil som regel bli nøytralisert av ei kvinne som forsikrar om at kjære vene, det er heilt i orden, eg åt rett før eg kom, fint at du har så god appetitt.

Tilsvarande situasjonar inntreffer ikkje rett sjeldan ved fordeling av taletid i offentlege diskusjonar. Ordstyraren er då i stillinga som kelner, paneldelta-karane som gjester. Dersom ein av dei tek for mykje

merksemd, både kan og bør han bli avbroten, og ordet sendt vidare til ein annan.

Meir uvanleg er det at debatt-kelneren ber fatet forbi ein av gjestene, som blir sitjande med tom tallerken mens dei andre forsyner seg både to og tre

gonger. Men nettopp det var det som skjedde ved eit arrangement på Kverulankatedralen i Stavanger i haust. Det blei teke opp for P2, sendt i reprise nyttårsaftan og ligg framleis på nettet, om nokon skulle ha hug til å sjekka.

Me var fire i panelet, tre menn og ei kvinne. Emnet var transhumanisme, ordstyraren var ein mannleg journalist frå Stavanger Aftenblad. Innleingsrunden gav inntrykk av at me alle var inviterte på same vilkår. Men då det lei litt utpå, hamna eg utanfor det gode selskap. Mens dei andre stadig fekk servert spørsmål som var retta direkte til dei, blei eg forbigått i det stille.

Det var ein urovekkjande, skamfull posisjon å vera i. Hadde det ikkje vore radiooverføring, hadde eg lagt mikrofonen frå meg og gått ned og sett meg saman med tilhøyrarane. No var eg uviss på kva verknaad det ville få. Samtidig var det utoleleg å bli sitjande i panelet som ei som ikkje hadde noko ho skulle ha sagt.

Løysinga blei å smyga meg inn der eg kunne, snappa til meg ein liten matbit frå fatet mens det blei bore forbi. Så ille som det var, var det betre enn ingenting.

Det er sjølv sagt ikkje sikkert at det var fordi eg er kvinne at eg blei nekta servering. Kanskje syntest ordstyraren at mitt syn på transhumanisme var så skandaløst at han ville

skåna publikum for å høyra meir om det. Kanskje var det fordi han er frå Stavanger, mens eg er frå Sandnes, som mange Stavanger-folk ber nag til fordi dei meiner at den mindre byen frivillig burde underordna seg den større.

Men han var nok berre så oppsett på å dyrka kontakten med dei andre mennene at han verken hørde eller såg. Han var som ein liten gut med godtepose som deler ut med rund hand til dei store gutane, redd for at det kan bli farleg å vera han om han ikkje held seg inne med dei.

Solveig Aareskjold, forfattar

s.skjold@online.no

Ikkje søtt, ikkje surt, ikkje bittert – men salt. Solveig Aareskjold skriv om det ho sjølv vil i Klassekampen kvar laurdag.



NOK TIL ALLE: Men berre nokre får servering.